



post@etnevindafjord.no

Hordaland Fylkeskommune

Pb 7900

5020 Bergen

Vår dato

2017-04-07

Dykkar referanse

2015/10633

## REGIONAL TRANSPORTPLAN HORDALAND 2018-2029: HØYRINGSUTTALE

Viser til høyringsforslag publisert på hordaland.no, og kommenterer i korte trekk:

- Medverknad:  
Trass i at me ved fleire høve har bede om å stå på adresselistene ved høyringar gjer me framleis ikkje det.
  - *Ber om stadfesting av at Fikse Næringsutvikling står på adresselistene framover eller grunngjering på kvifor me ikkje gjer det.*
- Etne er tilnærma radert vekk frå Hordalands-kartet:  
Denne planen inneholder tilnærma ingen tiltak for fylkesvegar i Etne. Fv 48 er ein svært viktig veg mellom dei to tettstadane i Etne, samt at med eit Skånevik-Utåker-Matre-samband i vekst er dette ein viktig regional diagonal som knyter Sunnhordland til den viktigaste aust-vest-traséen.
  - *FV 48 mellom E134 og Husnes/Sunde må løftast opp som overordna fylkesveg.*
- Statlege ansvarsområde:  
Kva kriterie har ein nytta som har resultert i fylkestinget sin uttale til NTP (figur 27)?
  - *Netto samfunnsnytte må leggjast til grunn for prioritering av samferdselprosjekt*
  - *E134 Røldal-Seljestad er del av eitt av dei mest lønsame prosjekta i NTP, jfr. aust-rest-utgreiinga og må vera Hordaland sitt prioriterte innspel til NTP*
- Felles innspelsdokument har ei falsk forankring:  
Felles innspelsdokument til NTP skal tilsynelatand sjå ut til å vera sendt frå eit samla "Hordaland". Bergen næringsråd og NHO Hordaland er ikkje ei samansetning som er representativ for næringslivet i Hordaland. Denne slagsida er Hordaland fylkeskommune sitt ansvar som koordinator av prosessen.
  - *Næringsalliansen eller den enkelte næringsorganisasjon må involverast dersom det skal gjevast fellesuttalar på vegne av næringslivet.*

Asbjørn Moe

Fikse Næringsutvikling SA

### Om Fikse Næringsutvikling

Fikse Næringsutvikling er eit næringsselskap eigd av og jobbar for næringslivet i Vindafjord og Etne, og representerer interessene til 144 medlemsbedrifter, med samla årleg omsetnad på 12 mrd NOK, og 3500 arbeidsplassar.